

Referat frå årsmøtet i Fitjar sokn, 30. mai 2021.

I etterkant av gudstenesta 30. mai 2021 vart det halde årsmøte for Fitjar sokn i Fitjar kyrkje. Den vakre og sterke gudstenesta var godt besøkt; - og etter lange tider med strenge restriksjonar når det gjeld deltagertal, var det særskilt gledeleg.

Møtet tok til kl. 12.00. Mange let seg lokka ut i den vakre sommardagen rett etter gudstenesta, men **31** engasjerte kyrkjelydsmedlemer valde å ta del i årsmøtet.

Kyrkjeverja, Jan Overweg, ynskte velkommen. Han sa litt om årsmeldinga for 2020 og korleis denne var distribuert til kyrkjelyden på førehand. Deretter leia han val av møtedirigent, referent og to personar til å skriva under referatet.

Desse vart valde:

Møtedirigent: Svein Lunde, leiar i soknerådet

Referent: Herman I. Aadland

Underskrivarar: Rasmus N. Fitjar og Jostein Sandvik

Svein Lunde tok så regien, og på ein ryddig og grei måte leia han forsamlinga gjennom årsmeldinga punkt for punkt. Til tider gjekk det kanskje så fort at det vart vanskar med å få teksten og tala opp på veggen. Men etter kvart kapittel vart det gjeve høve til spørsmål og kommentarar, utan at det løyste ut den store taletrongen i forsamlinga.

Til s. 3 i meldinga: Soknepresten sine tankar om året 2020: Her vart det understreka at dei streama gudstenestene og gravferdene har betydd svært mykje for mange. Stor ære til Jan Overweg som har lagt ned mykje arbeid i dette!

Til s. 6: Trusopplæring: Astrid Koløen Prestbø og Helga Rimmereid no har overlate ansvaret for «babysong» til kyrkjelydspedagogen, Randi Matre. I samband med dette spurde Nils Vestbøstad om det kunne vera ein idé å bruka slike som han og andre som hadde arbeidd med born, som kjelder til inspirasjon. «Kanskje kunne det vera bra å sitja ved Gamaliel sine føter? for å bruka bibelsk terminologi.» Til dette svara Anne Marie Røed at Randi Lønning Matre ikkje på nokon måte er åleine om trusopplæringsarbeidet. Ho har eit trusopplæringsutval bak seg, og like eins mange gode medhjelparar.

Til s. 15: Økonomi: Jan Overweg nemnde her at pandemien har fått store utslag på intektene. Offergåvene til kyrkjelyd, misjon, diakonale føremål m.m.

har vore langt lågare enn vanleg. Elles har det gått bra når det gjeld kyrkja si driftsside.

Til s. 24: Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt: Her oppmoda Hildegunn Aadland kyrkjelyden til å engasjera seg i aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda.» Dette er ein tidsavgrensa aksjon for å ha fokus på og skaffa midlar til dei ymse organisasjonane som er med i samanslutninga «Menighet og misjon». Ho understreka at biskopen vår, Halvor Nordhaug, har lagt dette inn over kyrkjelydane i Bjørgvin. Anne Marie Røed fylgte opp dette med å fremja forslag om eit ekstra offer til Fitjar kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt i Mali. Svein Lunde sa då at ein kunne ta dette opp i neste soknerådsmøte. Offera for hausten 2021 er framleis ikkje tildelte.

Til s. 25: Bakken barnehage: Det vart orientert om at Torunn K. Aarskog har sagt opp styrarstillinga i soknerådsbarnehagen etter 34 års samanhengande teneste. Torunn tok ordet og fortalte kyrkjelyden at ny styrar er tilsett. Den nye styraren er Liv Merethe Fylkesnes Pedersen. Ho er utdanna førskulelærar, og ho har arbeidd i barnehage, skule og som trusopplærar i kyrkja. Torunn vil vera tilsett som seniormedarbeidar utover hausten, for at overgangen skal bli så god som mogeleg.

Svein Lunde opplyste at den store årsfesten som fall bort både våren 2020 og våren 2021, vil verta arrangert i samband med bispevisitasen i Fitjar i månadsskiftet november/desember.

Eli Simonsen etterlyste ei skikkeleg, stor og god oppslagstavle ved inngangsporten til kyrkja; - minst 3 gonger så stor som noverande. Jan Overweg opplyste at vaktmeister/kyrkjetenar alt er sett på saka, så dette skal bli bra. Herman Aadland tok ordet og takka for eit framifrå arbeid med årsmeldinga. Takka sikta både til innhald og utforming.

Til slutt retta Svein Lunde ei varm takk til alle frivillige, tilsette og deltarane i årsmøtet. Og han la til: «Det er mange som no spinn i grusen klar for å ta eit tak!»

Møte vart avslutta kl. 12.26.

Herman I. Aadland, referent



Rasmus N. Fitjar

Underskrivarar



Jostein Sandvik